

***Pilegrimsgudsteneste Bergen domkyrkje 21.mai 2024
i samband med jubileet for Magnus Lagabøtes landslov og Verdiseglaset***

Preike ved biskop Ragnhild Jepsen

Joh 7,37-39

Siste dagen i høgtida, den store festdagen, stod Jesus fram og ropa: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som skriftordet seier, renna elvar med levande vatn.» Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han. For endå var ikkje Anden komen, for Jesus var endå ikkje herleggjord.

Ver no velkomne med æra, de som er komne til Magnus Lagabøtes kyrkje i Bergen denne høgtidsdagen då vi feirar det store jubileet for Landslova.

Eit særleg vel møtt til pilegrimane som har sigla inn på Vågen på veg frå Moster. Og med ei dyrebar last – verdibrev som etterkvart skal vere med heilt til Stiklestad, til Nasjonaljubileet i 2030. Korleis kan vi forme ei god framtid for oss sjølve, for våre unge, og for dei som kjem etter oss? Kva betyr det at det er akkurat her, i kyrkja til den gode kongen som gav oss eit sterkt lovverk som fremja rettferd, han som aldri førte landet sitt i krig, at vi får høyre viktige ord om korleis vi skal leve saman for å bygge ei god framtid for dei som bur i landet vårt?

Fortida har lært oss at for å forme ei framtid, må vi ha mot og klarsyn. Vi må ha mot til å bryte opp frå det som held nede og er destruktivt. Vi må vere klare i tanken og ha syn for rett og rettferd, så vi kan bygge opp kvarandre - så vi kan *bygge fred*.

Jesus, slik vi høyrrer om han i Evangelieteksten, inviterer oss til eit oppbrot – fordi han gjer det sjølv. Han ropar ut i templet om guds nærveret som skal kome den dagen han sjølv ikkje lenger er blant venene sine på jorda. Gud gjer eit oppbrot frå sine, men ikkje for å forlate. Nei, for å kome så nær sitt skaparverk så Gudsanden kan bu i oss; Sanningsanden. Då kan vi bygge den freden mellom oss som må til for at vi skal leve saman og sjå kvarandre med likeverd og forventning.

Vi feirer gudsteneste i Kong Magnus si kyrkje. Det er stort å feire eit lovverk som gjorde innbyggjarane i landet vårt i stand til å møte kvarandre med respekt og omsorg; som har vore med og lagt det grunnlaget vi bygger fellesskapet mellom oss enda på i dag. Men vi må ikkje miste det; vi må ikkje miste kvarandres verd av syne i ei tid der krefter rår som vi ikkje bør la kome inn i samfunn og fellesskap mellom oss.

I desse glade, lyse maidagane har vi også fokus på vår historie som handlar om krig, okkupasjon og ufred. Etter kvart som åra går, vil dei fleste av oss ikkje lenger hugse korleis landet vårt opplevde å vere i krig. Men for mange av våre medmenneske som har kome hit på flukt frå krig og konflikter, vil det vere nær historie og noko dei har kjent på kroppen.

I dag, som då, må vi stille oss spørsmålet: Korleis vite kva som er rett – når livet er truga, og det er sterke krefter som vil vondt? Kva er eg villig til å ofre for at dei vonde kreftene mellom oss skal overvinnast?

Hadde vi - hadde *eg* - visst kva som var det viktige og det riktige, i ei tid når så mykje står på spel?

Ville vi vite og skjøne det i dag, om vi stod overfor dei same trugsmåla og farene som den gongen landet vårt var i krig? Ser vi teikna i verda som liknar på dei som førte til uhyrlege hendingar i verdshistoria som vi aldri ynskjer å oppleve igjen?

Vi er takksame for det i vårt samfunn som hjelper oss til å leve godt med kvarandre, uansett religiøs tru, kvar vi kjem frå, kva for språk vi nyttar:

For politikarar som er valde av folket. For rettstryggleik. For ytringsfridom. I dag særleg for lovverk.

Og vi må kjempe for at dei i vår verd som ikkje har desse grunnleggjande rettane, skal få dei.

Men kva betyr det at vi har *Sanningsanden*? Korleis kan vi som kyrkje vitne i verda om Guds Heilage Ande, om Guds nærveret i ei verd som mest av alt fortonar seg som uroleg, der trugsmåla om ufred og vald heng over oss?

Då må også Kyrkja uroe seg. Vi må skape ein heilag uro – som held fram at også makta manøvrerer seg i Guds verd og slik sett ikkje kan la vere å forhalde seg til at denne verda har Gud skapt. Gud har kalla noko *heilagt*. – I denne verda har Gud, den heilage, gjeve skaparverket verdi. Det er noko som er ukrenkeleg, som er umisteleg, som er uendeleg verdifullt.

Og vi har heldigvis døme også frå vår historie som stadfestar at menneske er villige til å stå opp mot urett og urettferd. Det er noko som står over verdsleg makt: Ei kraft som er annleis, sterkare og altså viktigare enn den menneske åleine kan påberope seg å ha. Når okkupasjonsmakta slik vi møtte den i vårt land under 2.verdskrig ville få oss til å tru at ein diktator og despot skulle ha forrang sjølv framfor Evangeliet om Jesus Kristus, var det heldigvis menneske som hadde klokskap og mot til å reise seg mot uretten. At menneske med makt påberopar seg å vere i Guds stad, der den fremste uretten ein kan gjere.

I verda, mellom menneske er vi kalla til å halde fram *Sanningsanden*: Det som er rett etter Guds bod, den rettferda som følger av Jesus Kristus. Kjærleiken i Den heilage Ande.

Og vi kan ikkje seie at vi ikkje veit av den. For Jesus har sjølv bede Gud om å gje oss den talsmannen vi treng for å gjere verkeleg Guds kjærleik i verda.

Kampen mellom godt og vondt er ein realitet. Så lenge vi er her på jorda, står vi mellom desse kreftene. Vi må det. Det er eit kall vi må vere lydheare for. Ei fordring vi svarer på. Ved å vende oss til Gud, til det gode, viser vi klart at vi vil seie – til tross for all erfaring og det som har vist seg annleis – at det *må* finnast ei kraft i tilveret som vil det gode. Som tilbyd nåde. Som gjev tilgjeving. Og at den krafta må vi alltid kjempe for, halde fram, vitne om.

Difor er Kyrkja, slik vi kjenner henne etter den første pinsen i Jerusalem, ei kraft som må arbeide for å halde oppe desse gåvene mellom menneske og aldri halde opp med å seie frå om urett. Miskunn og sanning *skal* møte kvarandre; rettferd og fred *skal* kyssa kvarandre. Det må også skje mellom oss i dag; vi som vil vere Guds kyrkje på jorda – her i Bergen, og i den verdsvide kyrkja.

Pinseunderet er reelt og løfterikt. Også i denne tida er vi oppmoda til å be om fred. Etter høgtida då vi feirar Guds livgjevande Ande mellom oss, kan vi be til Gud som alltid høyrer, som er vårt felles opphav.

Dette er også dagen for å be om fred i den delen av verda der orda om Guds fred først vart sagt, landet der Guds levande Ord gjekk omkring mellom menneska. Vår bøn denne dagen er om fred. Om Guds fred mellom menneske. Mellom statar. Mellom religionane. Vi må be om

eit pinseunder! Kyrkje som verdsvidt fellesskap blir tydeleg når våre syskens bøn også blir *vår* bøn.

Guds fred vere med dykk!

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande, vår Skapar, Frigjerar og Livgjevar, som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.